




Ein rundtur i kulturlandskapsområdet i Osa

A round trip in an historic landscape in Osa.



Osa.

Foto: Willy Haraldsen



Osa.

Foto: Willy Haraldsen

Rute av ymse av interesse

Terreng: Lett terreng på veg og sti.
Tid: Om lag 2 timar

Køyr f.v. 301 til Osa og ta til venstre i krysset mot Osa-fjellet til du kjem til parkeringsplassen på Hjadalne. Parker her. Start med ei vitjing i Hjadalne Galleri (1) som vart etablert i 1992 av Torunn og Lars G. Polden. Skiftande utstillingar med hovudvekt på norsk figurativ samtidskunst. Lars G. Polden har og atelier i same huset. (Inngangspengar)

Huset er administrasjonsbygget til Osa Fossekompani som planla ein industriby med 5.000 innbuarar her. Denne anleggsperioden varde frå 1915-26. Under 2. verdskrigen vart anleggsarbeidet vidareført, no i tysk regi, og i 1941 var det 1800 mann i arbeid her utan at noko vart fullført. Den siste utbygginga vart gjennomført i perioden 1974-83 av NVE. Osa vart då ein del av den store utbygginga Eidfjord Nord (Sima Kraftverk)

Frå galleriet går du parallelt med bilvegen mot Stream Nest (2). Stream Nest er ein skulptur laga av den kjende japanske kunstnaren Takamasa Kuniyasu, reist for fyrste gong på Hamar i samband med dei XVII Olym-

Route and places of interest

Terrain: Easy, partly road and path.
Time: About 2 hours

Take the main road 301 to Osa, turn left at the signpost to Osafjellet and carry on to the parking area at Hjadalne. Leave your vehicle here and start off by paying a visit to the Hjadalne Gallery (1), established in 1922 by Torunn and Lars G. Polden. The works exhibited are mainly figurative Norwegian contemporary art. Lars G. Polden's studio is in the same building. (Entrance fee).

The building is also the main administration offices of the Osa Fossekompani which planned an industrial town with 5,000 residents here. Building took place from 1915-26. The work was resumed during the second world war under the German occupation and although there were 1800 men employed here in 1941, the work was never completed. The third and final stage of development took place between 1974 - 1983 under the auspices of NVE, and Osa became part of the major Eidfjord Nord Development Scheme - the Sima Power Station.

Leaving the gallery, you take the path parallel to the road towards «Stream Nest» (2). «Stream Nest» is a sculpture by the famous Japanese artist Takamasa Kuniyasu, seen for the first time at Hamar during the XVII Winter Olympic Games. The work has since been moved to Osa. It is constructed of 3.000 logs and 23.000 bricks and has its own theme music, composed and performed by the tupa player, Geir Løvold.

At «Stream Nest» you will also find the sculpture «Rambukk» by the artist Alan Christensen, and a Herb garden with more than 170 different Herbs. There is also a Guest House, with capacity for 80 guests. Entrance fee.

After your visit, return on the same footpath for about 50 metres and then follow the path down to Løyndalen, (3). The power station tunnel, built



piske Vinterleikane, og sidan flytt til Osa. Skulpturen er bygd av 3.000 tømmerstokkar og 23.000 mursteinar og har musikk komponert og framført av tubaisten Geir Løvold. Ved «Stream Nest» finn du også Alan Christensens populære skulptur «Rambukk» og ein urtehage med ca. 170 ulike plantar. Her er og eit gjestehus med plass til 80 personar. Inngangspengar.

Etter ein stogg her går du om lag 50 m tilbake langs den vegen du kom, før du tek stien ned til Løyndalen (3) Kraftverkstunnelen som vart laga under fyrste anleggsbolken i Osa finn du ved å gå nokre meter mot venstre i det ein kjem ned i dalen. NB! Det er ikkje å tilrå å ein går inn i tunnelen utan hjelm og ljós. I det oppmurte og steinsette elveleiet skulle avlaupsvatnet frå kraftverket først attende til elva. Følg no elveleiet tilbake til bilvegen og snart ser du den såkalla «Kafeen» (4), som vart oppført på same tida og vart nytta som kafe for arbeidarane. Under den 2. verdskrigen vart huset nytta til butikk og fruktutsal. I dag er bygningen restaurert og rommar utstillingar som syner Osa under den fyrste anleggsbolken.

Frå «Kafeen» følgjer du bilvegen ca 500 m mot Hjadlane igjen, før du tek til venstre inn Norddalen mot Osete og Hallingskeid. Her går du forbi våningshuset og ned til venstre mellom det og løa, mot elva Norddøla og det restaurerte Kvernhuset (5) som truleg er bygd på 1700-talet. Kornmaling med vasskraft er den eldste forma for industriell mekanisk verksemd. Denne vesle kraftstasjonen vart bygd i 1933 og produserte 11 kilowatt. Under 2. verdskrigen budde ein nederlandsk flyktning i dette huset ein heil vinter.

Følg no elva til du kjem til ein liten dam. Her går stien opp til høgre over beitemark, før du endar i den gamle stølsvegen til Osete og Hallingskeid (6). Husdyra gjekk på beite nede i dalen om våren fram til midtsommar, då dei vart førte til fjells, til vårstølen Osete og seinare til sommarstølen i Søre Grøndalen/Hallingskeid. Det var slutt på støling med kyr i 1970 og geiter i 1988.

Denne vegen var tidlegare ei viktig ferdslåre mellom bygdene i vest og aust-Noreg. På Hallingskeid var det ein stor marknad, kalla «Grøndalsmarknaden» der folk frå bygdelaga i vest og aust møttest. Denne fann truleg stad i frå dei fyrste hundreåra etter Kristi fødsel og fram til seinmellomalder, og tok truleg slutt under Svartedauden i 1349-52 som la storparten av bygdene aude i lang tid.

Når du står her tek du og ein snartur bortom «Koldehola» (7) før du vender nasen mot Osa att. Dei naturlege kalde- og varneholene i steinurane er noko heilt spesielt for Osa. Under større steinar i ura har det danna seg rom som held jamn temperatur på nokre plussgrader året rundt. Langt attende har desse kuldeholene vore nytta til lagringsplass for matvarer som mjølk og poteter. Inne i varnehola held temperaturen seg godt over nullpunktet vinterstid. Ein av fleire teoriar på fenomenet er luftstraumar som vert danna av rennande vatn i steinura. På venstre side av vegen, omlag 10 m frå «Koldehola» ligg «Solskinnstjørna» (8), ei lita tjørn som av og til dukkar opp utanfor Koldehola. Ho har ikkje noko synleg tilsig, og forsvinn like fort som ho kjem. Det vert sagt at denne tjørna varslar finver.

Følg stølsvegen attende til bilvegen, ta til venstre opp bakken, og snart er du på parkeringsplassen att.

Kjelde: Kulturhistoriske vandringar i Ulvik.n (40,-)

Hugs:

Grunneigarane har opna opp for turvegen, og alle som fylgjer veg og sti må forvalta denne invitasjonen på best mogeleg måte. Hugs og lat att grindar, ver var om dyr i marka, og far fint med naturen. Ver merksam på lokale reglar for bandtvang for hundar. Sjølv om fotturane er lagt godt tilrette og merka, kan det alltid vera noko som endrar seg, eller synest å mangla. Dei som har lagt turane tilrette, tar ikkje ansvar for skader eller anna som måtte skje under turen. Turen blir gjennomført på eige ansvar og risiko.

Remember:

The landowners have opened their land to visitors, and no-one using the roads or paths should abuse this invitation. Remember to close gates behind you, don't disturb or feed animals, and take care with nature. Dogs must be on a lead. Although the walks are well marked and prepared, things may change, or appear to be missing. Those responsible for laying out the walks do not accept any responsibility whatsoever for any injury or damage caused during any participation in any or all walks.

Lagt tilrette og utgitt av Hordaland fylkeskommune i samarbeid med Fylkesmannen i Hordaland, Landbruksavdelinga og Hordaland og Bergen Reiselivsråd.

during the first construction period, can be found a few metres to your left at the foot of the valley. NOTE: We do NOT recommend that you enter the tunnel without protective headgear (hard hat) and a torch. The intention was that the return water from the generating station would be led through the lined and bricked river bed back to the river. Follow the river path back to the road and you will soon see the old "Cafe" (4), built as an eating house during the first construction period, later used as general store and now restored and housing an exhibition of the early days of the development of Osa.

On leaving the "Cafe", walk about 500 metres towards Hjadlane and then take a left turn in to Norddalen towards Osete and Hallingskeid. You pass the old farmhouse and carry on to the left between the farmhouse and the barn towards the river Norddøla and the restored mill-house (5) which dates from around the 1700's. Milling grain by water power is the oldest form of industrial activity. The tiny generating station was built in 1933 and produced 11 kilowatt. A Dutch escapee lived in the house throughout a whole winter during World War II.

Follow the footpath along the river until you reach a small pond. The path takes you up to the right through grazing land until you reach the old summer farm road to Osete and Hallingskeid (6). The animals grazed in the valley from spring to midsummer and were then taken to the summer mountain pastures, first to Osete and later to Søre Grøndalen/Hallingskeid. The ancient tradition of crofting was carried out with cattle for the last time in 1970 and with goats in 1988.

The road was an important link road between the villages and Eastern Norway in earlier times. There was a large market in Hallingskeid - «Grøndalsmarknaden» literally the Green Valley Market, where villagers from both east and west met. It is believed that the market originated sometime during the first centuries AD and ceased to exist during the Great Plague years between 1349 - 1352 when the Black Death left so many villages lifeless for many years, long after its ravages had finished.

While you're here, take a look at the "Koldehola" (7) - the cold hole - before returning to Osa. The natural hot and cold holes in the scree are peculiar to Osa. Large caverns have formed under the largest rocks in the scree which keep a constant temperature of a few degrees C all year round. In earlier times the holes were used for storing food such as milk and potatoes. The temperature in the "hot" holes stays well above freezing even in the winter. One theory is that air currents that are formed by water running through the scree cause the phenomena. About 10 metres from the "cold hole" you may be lucky enough to see the "Sunshine Spring" (8), a water spring that suddenly appears from time to time and then disappears just as quickly. The Spring has no visible source. The locals believe that the appearance of the Spring heralds good weather.

Follow the summer farm road back to the main road, turn left up the hill and you're soon back at the parking area.

Source: Cultural History Walks in Ulvik. (40.-)